

Stadt Pensjonistlag har i møte 21.jan. handsama og vedteke samrøystes følgjande resolusjon som styret i Selje pensjonistlag har slutta seg til:

## **REDUKSJON AV TAL PÅ TANNHELSEKLINIKKAR**

Vi har i dag fått vite at det frå fylkeshald er arbeid igang med å ta vekk halvparten av tannklinikkane i fylket.

Dermed vil også Selje misse sin.

**Dette vil i svært stor grad ramme eldre og uføre.**

Selje har alt no store avstandar frå utkantane (Honningsvåg og Flatraket t.d.) til Selje sentrum. Men det går likevel å komme seg fram i løpet av ein dag frå desse stadene og tilbake til bustad ved å nytte skulebussar og andre rutegåande køyrety.

Det vil verte svært mykje dyrare for desse gruppene om dei må fare lenger, t.d til Måløy eller Nordfjordeid, for tiltrengd tannbehandling.

Dessutan er det ikkje godt for eldre å verte transportert med bussar over lange avstandar.

Eldre og uføre har ofte større behov for god tannpleie og derfor treng dei oftare tannlegebesøk, og det er dyrt nok i seg sjølv om ein ikkje no skal få lang reise i tillegg.

Vi bed Fylkesstyret i Pensjonistforbundet om å protestere på dette nedleggingsframlegget.

Likeeins bed vi alle dei politiske partia i Selje om å ta denne saka alvorleg og protestere på denne nedlegginga.

Stadlandet 21.01,2016

Laura-Marie Fure,leiar i Stadt pensjonistlag.